



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd, torsdag 06.10.2022

Stad: Tingvang

Møtt: Eirik Bråten, Jostein Sørengen, Ingrid Stalenget, Erlend Aasan

Ikkje møtt: Kristin Alstad

For kommunen: Øystein Skattebu

22/11 Høyringssvar - Oppvekstplan for Øystre Slidre kommune 2023 – 2026

Ungdomsrådet drøfta høyringsutkastet til Oppvekstplan for Øystre Slidre kommune 2023 – 2026 i møtet 6.10.22.

Innspel:

Tilflytтарar og integrering

Det er viktig for ungdomsrådet at kommunen gjer ein innsats for å inkludere og integrere dei som flyttar hit, uavhengig av om dei er flyktningar eller andre tilflytтарar.

Kommunen, lag og organisasjoner, men også private må ta ansvar for at unge tilflytтарar vert teke inn i miljø og aktivitetar.

Kommunen må ta ansvar for å legge opp til god informasjon om kven som kjem hit, og kva dei kan ta del i av aktivitetar. Ein bør vurdere om informasjonen skal formulerast på ulike språk for å nå ulike grupper.

Ungdom og rusproblematikk

Ungdomsrådet er godt nøgde med gjennomføring av «Utsett» i ungdomsskulen.

Kulturskulen

Ungdomsrådet består mellom anna av noverande og tidlegare elevar i kulturskulen, som har personlege erfaringar med kulturskulen og kulturskulen sine tilbod.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsrådet tykkjer at kulturskulen har eit godt og innhaldsrikt tilbod, men at tilboda kanskje er dårlig kjende. Kulturskulen bør bli betre på informasjon om kva tilbod dei har, og kva som skjer i kulturskulen.

Ungdomsrådet anbefaler at det vert oppretta eit «eleverforum» (elevråd) der elevar i kulturskulen kan koma med tilbakemeldingar og innspel til kulturskulen og kulturskulen sitt tilbod. Forumet bør bestå av litt eldre elevar frå ulike disiplinar, rektor og ein eller fleir lærarar, der ein møtast ein gong kvart halvår.

Det vart stilt spørsmål til lærarane si vilje/evne til å vise fleksibilitet og endringsvilje kring val og bruk av repertoar. Ungdomsrådet meiner kulturskulen bør gjere ein større innsats i å legge til rette for meiningsfylt innhald for kvar enkelt elev, for å sikre motivasjon og betre læring for elevane. Relevans i innhald er ein viktig motivasjonsfaktor. Slik set er det viktig at det vert etablert god praksis for dialog om innhaldet i undervisninga mellom lærar og elev, og at ein jobbar ut frå det ein drøftar seg fram til saman. I den samanheng bør det også opnast for fleir retningar innan ein disiplin eller tilbod, slik at elevane kan jobbe med den retninga innan t.d. eit instrument eller sjanger ein ynskjer å fordjupe seg i.

Ungdomsklubb

Ungdomsrådet meiner ungdomen i kommunen er svært heldige og privilegerte som har eit så godt klubbtibod. Klubben er ein uformell møteplass dei dei kjenner seg trygge og frie, og at dei har tillit – noko som skil seg litt frå skulen der dei kan føle seg overvaka og mistenkeleggjort.

Ungdomsrådet tykkjer det er positivt at klubben utviklar nye tilbod innan gaming, musikk og mekking m.m., som er med på å bidra til at alle kan få tilbod. Kvaliteten på dei ulike tilboda er også svært god.

Kommunen må halde fram med satsinga på ungdomsklubben og tilboda deira.

Idretten

Ungdomsrådet tykkjer det er bra at det skal greiast ut bygging av storhall i midtbygda, og ser på dette som eit viktig tiltak for at ungdom skal vere meir aktive. Hallen bør byggjast.

Innan idretten ser ungdomsrådet utfordringa med å oppretthalde gode tilbod for unge når deltakinga er så lita. Ungdomsrådet meiner at ungdom i mindre grad er ute etter å konkurrere, men at dei ynskjer å vere aktive, men med utgangspunkt i at det skal vere sosialt og gøy å vere med.

Ungdomsrådet meiner ei dyrking av det sosiale ved aktivitetane er ein suksessfaktor få å få ungdom til å halde fram med idrett, men ser også at det er utfordrande og legge til rette for topp- og breiddertilbod med så få ungdomar som me er.

Skule

Ungdomsrådet meiner kommunen må prioritere uteområdet på ØSUS – og at dette bør stå ferdig til jubileet i 2024. Det må køyrast ein skikkeleg prosess på planlegginga, men det må vere framdrift i arbeidet. Det må skje noko!



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsrådet ynskjer at elevrådet ved ØSUS kan jobbe meir med saker som angår elevane sin skulekvardag, og at deira innspel til skuleleiinga og lærarar vert teke på alvor og svart ut på ein god måte. Ynskje om dialog.

Psykisk helse

Ungdomsrådet ser på arbeidet med psykisk helse som viktig og ei god prioritering, men dei opplever at temaet og arbeidet som for tungt, negativt og ofte sjølvormsorientert. Det må ikkje berre handle om å ha det vanskeleg. Kan ein finne andre innfallsvinklar?

Ungdomsrådet ynskjer at det vert tenkt alternative opplegg der ein gjer ting som er positive, og nyttar desse anledningane til å forklare og samtale om kva positive opplevingar, miljø og l. har å bety for vår psykiske helse. Tenk alternative aktivitetar for å styrke positive faktorar, lag eksempel og legg opp til refleksjon kring denne, framfor kun å snakke om behandlingsmoglegheiter når det er for seint. Hald fram med fokus på låg terskel for å ta imot hjelp.

Vedtak:

Ungdomskonsulenten sender innspela til kommunen



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

22/12 Framlegg til føringar og ekstraløyving for nytt «forhandlingsmøte» (Innspel til økonomiplanen, 2023-2026)

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet behandla i sak 22/1 – *Drøfting av ny modell for forhandlingsmøtet* og 22/6 - *Ny modell for forhandlingsmøtet* om kommunen bør endre føringane for gjennomføring av forhandlingsmøtet mellom elevråda og formannskapet, samt bruken av midlane som kvart år vert sett av til å styrke ungdomsdemokratiet i kommunen.

Med bakgrunn i drøftingane i desse to møta, ga ungdomsrådet ungdomskonsulenten i oppgåve å formulere eit utkast til modell for eit nytt forhandlingsmøte, under namnet «Ungdomens kommunestyre».

Saksutgreiing:

Framlegg - Ny modell for Ungdomens kommunestyremøte 2023-2026

Ungdomens kommunestyre er ei vidareføring og styrking av «forhandlingsmøtet», som vart starta opp i samband med prosjektet «Aktivt ungdomsdemokrati» frå 1999-2001.

Føremål:

Ungdomens kommunestyremøte skal vere born og unge i Øystre Slidre sin fremste arena for å kunne påverke eigne oppvekstvilkår i kommunen. Gjennom førebuande, inkluderande og medverkande arbeidsprosesser i klasseråd og elevrådsarbeid på 1.-10. trinn, samt i ungdomsrådet, skal alle elevar og elevgrupper i skulealder få høve til å løfte sine ønskjer og behov knytt til eigne oppvekstvilkår opp på administrativt og politisk nivå.

Møtet har to hovudføremål:

- å gje politikarane og administrasjonen innspel til kva born og unge meiner er viktige prioriteringar og tiltak å ta med i arbeidet med økonomiplanen
- å forhandle om- og prioritere bruk av 100.000 kr til eitt eller fleire *strakstiltak* som born og unge tykkjer er viktige å sette i gang.

I arbeidet med Ungdomens kommunestyremøte vil også deltarane få erfaring med med ulike politiske prosesser, dei vil bli betre kjent med kommunen sine oppgåver og tenester, og få anledning til å påverke eigne oppvekstvilkår i kommunen.

Det er også eit håp om at prosessen vil vere med å styrke born og unge sitt forhold og tilhøyrigheit til kommunen, at dei i framtida vil omtale kommunen og eigen oppvekst på ein positiv måte, og at ein dei av dei vel å bli buande her eller vel å flytte tilbake hit på eit seinare punkt i livet.

Gjennomføring og rammer

Det vert sett av 100.000 kr i året til Ungdomens kommunestyre i kommunens budsjett.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomskonsulenten i kommunen er ansvarleg for koordinering og gjennomføring.

Førebuande prosess:

Ungdomens kommunestyre skal vere eit prosessarbeid der alle born og unge frå 1.-10. trinn og ungdomsrådet i Øystre Slidre kommune skal ha anledning til å medverke til vedtaket og prioriteringane som vert fatta i forhandlingsmøtet.

Skulane og elevråda i kommunen får ansvar for å gjennomføre medverknadsprosessen på sine skular, prioritere skulen sine viktigaste tiltak, og legge desse fram i Ungdomens kommunestyre. Ungdomsrådet fører sin eigen prosess og prioriteringar, og deltek på same måte som elevråda i møtet.

Skulane vel kvart år elevråd og representantar frå dei ulike klassane. Ungdomsrådet sine medlem vert godkjende i kommunestyret innan 1.oktober i eigen sak kvar haust.

I september kvart år vil ungdomskonsulenten avklare datoar for forhandlingsmøtet med administrasjonen, og sende ut invitasjon og føringar til elevråda ved ØSUS, Rogne skule, Lidar skule, Ungdomsrådet, politikarar og administrasjonen. Ungdomskonsulenten vil også reise ut og møte elevråda for å informere om Ungdomens kommunestyre, og oppgåva dei har føre seg.

I perioden fram til forhandlingsmøtet i Ungdomens kommunestyre, har elevråda ved skulane ansvar for å køyre medverkingsprosessar i alle klassane. Målet er å kartlegge ynskjer og behov, samt tiltak som kan vere med å betre oppvekstvilkåra i kommunen. Ynskja og tiltaka skal vere av ein art som opptek born og unge, og det kan vere tiltak knytt til skulane og nærmiljøa rundt skulane, eller til aktivitet og tiltak i nærområda der folk bur og oppheld i kommunen. Midlane kan både nyttast til arrangement, prosjekt, utsyr eller anlegg.

Når alle klassene har kome med sine innspel, skal desse leggast fram for elevrådet ved skulane. Deretter vert det deira oppgåve å prioritere kva innspel dei tykkjer er viktige for si skule og sine born og unge. Desse prioriteringane skal førebuast som tiltak som skal leggast fram i Ungdomens kommunestyre, med tiltaksbeskriving, handlingsplan, budsjett, og gode argument for kvifor dette er prioritert. Prioriteringane skal leggjast fram med powerpoint-presentasjon, som vert oversendt til ungdomskonsulenten ei veke før forhandlingane.

Forhandlingsmøtet i Ungdomens kommunestyre

Representantar:

Ungdomens kommunestyre består av dei utvalde elevane og representantane som stiller til forhandlingsmøtet.

- Rogne og Lidar skule stiller med to representantar frå 5., 6. og 7. trinn
- Øsus stiller med to representantar frå 8., 9. og 10. trinn
- Ungdomsrådet stiller med sine fem representantar, der leiaren er med som forhandlingsleiar.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

- Frå kommunen skal ungdomskonsulenten og kommunalsjefen stille, men rådmannen og kultursjefen bør også stille.
- Av politikarane skal ordføraren og leiaren av kommunestyrekomitéen for oppvekst og kultur stille.

Elevråda får stille med den læraren som er ansvarleg for elevrådet ved skulen.

Gjennomføring – agenda:

Ungdomskonsulenten styrer møtet, medan ordføraren og leiar for ungdomsrådet leiar forhandlingane.

Tidsramme: 09.00 – 12.30 på Tingvang

Kl. 09.00

- Vel møtt – info ved Ungdomskonsulenten om dagens opplegg
- Bli kjende med kvarandre – alle presenterer seg, seier litt om kven dei er og kva dei jobbar med.
- Ordføraren seier litt om kommunen og korleis kommunen jobbar/ansvar/prioriteringar – kjapp omvising på kommunehuset og dei ulike avdelingane.
- Pause.

Kl. 10.00

- Presentasjon av prioriteringar frå elevråda (maks 10.min per råd).
- Kort pause etter presentasjonane
- Gruppemøte - Samtalar i dei ulike elevråda om alle dei tiltaka som er lagt fram i møtet. Gruppene set opp ei prioritert liste over kva tiltak dei meiner er viktigast som bør få strakstiltaksmidlar.
- Felles – to representantar frå kvart elevråd og ungdomsrådet går til talarstolen og legg fram dei nye vurderingane av alle innspela frå sine elevråd med argumentasjon.
- Arbeid i forhandlingsutvalet: Forhandlingsutvalet består av to medlem frå kvart elevråd, ungdomsrådet, ordføraren og leiar av kommunestyrekomitéen. Forhandlingsutvalet får i oppgåve å koma fram til ei innstilling til vedtak, rundt kva tiltak som skal prioriterast og få straksmidlar, og kva saker som skal spelast inn til arbeidet med økonomiplanen. Ungdomsrådsleiaren har ansvar for å styre denne prosessen, i samarbeid med ordføraren. Ungdomskonsulenten er sekretær.
- Framlegg for vedtak – Leiar for forhandlingsutvalet legg fram innstilling til vedtak for Ungdomens kommunestyre som stemmer for eller mot tiltaket. Her er det høve til å koma med innspel til vedtaket og legge inn forslag til endringar før ein evt. stemmer.
- Når vedtaket er fatta, vert møtet heva.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Kl. 12.00 – 12.30

Lunsj før elevane reiser attende på skulane

Etterarbeid:

Ungdomsrådet blir att etter møtet, og formulerer innspel til økonomiplanarbeidet på vegner av Ungdomens kommunestyre.

Ungdomskonsulenten får ansvar med å fordele straksmidlane, og følgje opp tiltaka.

Midlane må brukast i løpet av kalenderåret vedtaket fell, og kan ikkje avsetjast til året etter.

Vedtak:

Ungdomsrådet ber ungdomskonsulenten om å sende forslaget til nye fôringar ut på høyring i elevråda ved dei tre skulane, med ein svarfrist på tre veker. Rektorane ved skulane og kommunalsjef for kultur og oppvekst skal også få uttale seg, då det må gjevast løyve for ungdom ved elevråda kan delta opp mot ein skuledag i ved Ungdomens kommunestyremøte, og at skulane må vere villige til å legge opp til medverknadsprosessar gjennom klasseråd og elevrådsarbeid.

Ungdomsrådet vil ta stilling til høyringssvara i møte torsdag 3.november, før dei evt. sender innspellet til administrasjonen og politikarar. I sitt innspel til budsjettet vil ungdomsrådet be om at politikarane og administrasjonen aukar posten til ungdomsdemokrati frå 62.000 til 100.000 kr årleg frå 2013.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

22/13 Fordeling av midlar 2022

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet disponerer årleg 32.000 kr dei kan nytte til aktivitetsskapande tiltak for born og unge i kommunen.

Ungdomsrådet drøfta bruk av midlane i sak 22/7, men valde å utsette avgjerdene til neste møte.

Ungdomsrådet har tidlegare kome med forslag om å gje midlane i støtte til oppstart av Nettverket E-sportsenter, eller til Idrettslaga i kommunen.

Vedtak:

Ungdomsrådet fatta samråystes vedtak om å gje 32.000 kr i støtte til prosjektet for å starte opp Nettverket E-sportsenter. Midlane vert overført til prosjektet NE-S – frå ans. 25040, funksjon 2310, konto 11150 inventar og utstyr.

Ungdomskonsulenten ordnar med overføring frå kommunen si side.

Skrivar

Øystein Skattebu

Øystre Slidre kommune